



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
25.05.2018
Dykkar dato
05.04.2018

Vår referanse
2018/4502 561
Dykkar referanse
15/2998

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår frå bygging av Øvre Årvik kraftverk i Jondal kommune

Av omsyn til samla belastning på vassdragsnatur og naturmangfald i Hardanger bør ein ikkje bør opne for utbygging i større samanhengande naturområde med gode kvalitetar.

Fylkesmannen rår frå bygging av Øvre Årvik kraftverk.

Vi viser til søknad om utbygging av Øvre Årvikelva i Jondal kommune. I nedre del av vassdraget ligg Ålvik kraftverk, med inntak nedanfor Kvitingsfossen.

Omtale av tiltaket

Nytt kraftverksinntak er planlagt ved enden av Lambavatnet, på kote 472. Vassvegen skal gravast og sprengjast ned i ein trase langs vestsida av elva. Lengde på råka elvestrekning er 2000 meter. Ein vil leggje anleggsveg langs røyrkata om lag 1500 meter, men denne skal etter planen få gro att. Kraftstasjonen er plassert på kote 350. 500 meter ny veg fram til kraftstasjonen blir permanent.

Planlagt minstevassføring er 180 l/s om sommaren og 60 l/s om vinteren. Anlegget vil ha ein effekt på 3,88 MW og produsere 9,2 GWh pr. år.

Utbyggjar sine vurdering av verknader ved utbygginga

Utbyggingsområdet gjeld eit kystnært vassdrag som ligg opp mot fjellet. Kystfuruskog og myrområde dominerer landskapet. Området inngår som del av del av eit stort, samanhengande naturområde, og tiltaket vil redusere storleiken på dette området. Utbyggjar meiner at konsekvensen for landskap og store samanhengande naturområde er *middels til stor negativ*.

Området har gode kvalitetar, og har verdi i samband med lokalt friluftsliv. Det går en sti opp til Lambavatnet. Konsekvensar for brukarinteresser vert vurdert samla til *liten til middels negativ*.

Naturtypen elvelaup er raudlista. Ved vurderinga av konsekvensar ved inngrep i Årvikelva har ein teke utgangspunkt i restverdien av vassdraget, etter at nedre del tidlegare er utbygd, Konsekvensar for naturtypen elvelaup er sett til *middel – liten negativ*.

Det er tidlegare gjennomført mange vasskraftanlegg i regionen. Tiltakshavar reknar at samla belastning på vassdragsnaturen i regionen i hovudsak ikkje blir endra av utbygginga, vurdert ut frå at nedre del av Årvikelva har inngrep frå før.

Fylkesmannens merknader

Friluftsiinteressene er dårleg dokumenterte i søknaden. Fylkesmannen vil vise til at området vert nytta av mange hyttefolk, og at Jondal kommune er i prosess med ny reguleringsplan for fritidsbustader på Ålvikneset. Området vil få auka verdi for friluftsliv i åra framover.

Fylkesmannen vil minne om at NVE i samband med konsesjonshandsaminga knytt til Årvika kraftverk la stor vekt på landskapsverdiene knytt til områda rundt Skitnatjønn og særleg fossen Kvitingen. Inntaket til dette kraftverket vart difor lagt nedanfor fossen.

Eksisterande inngrep i nedre del av vassdraget bør ikkje vere argument for ny utbygging. På grunn av reduserte landskaps- og opplevingsverdiar knytt til tidlegare inngrep, er det no viktig å sikre øvre deler av vassdraget. Naturområdet langs Årvikelva har gode kvalitetar for friluftsliv og naturoppleving, med eit vakkert vassdrag omkransa av kystfuruskog og myr.

Areala ovanfor eksisterande utbyggingar inngår i eit større samanhengande naturområde med urørt preg. Slike naturområdet har ein viktig funksjon for arealkrevjande arter, regional økologisk infrastruktur, klimatilpassing og friluftsliv. Slike interesser skal vektleggjast i arealforvaltninga, jf. Klima- og miljødepartementet sine retningsliner for bruk av motsegn i energisaker, som er basert på rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentleg regionale interesser på miljøområdet.

I Hardanger er det gjennom dei siste tiår opna for svært mange småkraftverk. Samla belastning på vassdragsnaturen tilseier at ein bør vere varsam med å opne for utbygging av dei urørte naturområda som står att, og som har gode kvalitetar.

Fylkesmannen ber NVE vektleggje at område av den karakter som omgir Årvikelva vil få auka verdi for framtidig generasjonar.

Konklusjon

Fylkesmannen rår frå utbygginga av Årvikelva i Jondal ut frå omsyn til friluftsiinteressar og samla belastning på landskap og anna naturmangfald.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Jondal kommune

Miljødirektoratet

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Hordaland fylkeskommune

Kommunehuset

Postboks 5672 Sluppen

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

5627

7485

5017

5020

Jondal

TRONDHEIM

BERGEN

Bergen